

Dato: 22. april 2022

## Godkjent kvalitetsarbeid ved fire høgskular

**Ansgar høgskule, Fjellhaug Internasjonale Høgskole og Lovisenberg diakonale høgskule oppfyller alle krava til systematisk kvalitetsarbeid. I tillegg har Høgskulen i Volda fått godkjent kvalitetsarbeidet etter oppretting.**

NOKUT gjennomførte tilsyna ved Ansgar høgskule, Fjellhaug Internasjonale Høgskole og Lovisenberg diakonale høgskule hausten 2021, og vedtaka blei fatta av NOKUTs styre 21. april 2022.

– Gjennom tilsyna har dei tre høgskulane vist at dei arbeider godt med å sikre og vidareutvikle kvaliteten i utdanningane, og dermed har dei fått vurdert det systematiske kvalitetsarbeidet sitt som tilfredsstillande, seier NOKUT-direktør Kristin Vinje.

Institusjonane har sjølve ansvar for kvaliteten i dei studietilboda dei tilbyr. NOKUTs periodiske tilsyn med kvalitetsarbeidet ved universiteta og høgskulane kontrollerer at institusjonane arbeider systematisk med å sikre og utvikle kvaliteten i utdanningane. I tillegg skal institusjonane gjennom tilsyna få råd som dei kan bruke i vidareutviklinga si.

– Vi håper høgskulane opplever at tilsynsprosessen har vore god, og at dei opplever råda som nyttige i arbeidet til høgskulane med å vidareutvikle kvalitetsarbeidet og kvaliteten i utdanningane dei tilbyr, seier Vinje.

### Læringsmiljø som sentral del av kvalitetsarbeidet

Tilsyna viser at høgskulane arbeider systematisk med kvalitetsarbeid som bidrar til å sikre både tilstrekkeleg kontroll med, og utvikling av, utdanningane ved institusjonane. Arbeid med læringsmiljøet er tydeleg integrert i kvalitetssystema ved høgskulane og i kvalitetsarbeidet. Tilsyna har også vist at kvalitetsarbeidet er godt forankra på alle nivåa i organisasjonane.

Dei tre høgskulane får likevel råd om å styrkje opplæringa av studenttillitsvalde, blant anna ved å spisse opplæringa mot dei ulike råda og utvala studentane deltek i.

– Dette er ei kjend problemstilling frå tilsyn ved andre institusjonar, og det er ei problemstilling som også desse tre høgskulane har fått råd om å arbeide vidare med, forklarar Vinje.

Høgskulane gjennomførte endringar i kvalitetssystema sine i forkant av tilsyna, to av dei så seint som i 2021. Det å vidareutvikle systema er viktig for å sikre at kvalitetsarbeidet tilfredsstillar formelle krav til systematisk kvalitetsarbeid, og for å sørge for at systema er tilpassa institusjonane. Det tek tid å

**Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen**

Telefon: (+47) 21 02 18 00

Hjemmeside: [www.nokut.no](http://www.nokut.no)

**Postadresse**

Postboks 578

1327 Lysaker

**Besøksadresse**

Drammensveien

288

**Kommunikasjonsdirektør**

Gard Sandaker-Nielsen

[gsn@nokut.no](mailto:gsn@nokut.no)

Tlf: (+47) 951 57 471

setje slike endringar ut i live i organisasjonane, og dette har ført til at høgskulane i varierende grad har fått vist korleis endringane fungerer i praksis.

– Det er bra at institusjonane kontinuerleg arbeider med å vidareutvikle kvalitetssystema. Vi vil samstundes gje institusjonar som skal gjennom eit NOKUT-tilsyn eit råd om å sørgje for at dei gjer endringar i systemet og kvalitetsarbeidet i god tid før tilsynet startar, slik at dei gjennom dokumentasjonen også får vist korleis endringane fungerer i praksis, seier Vinje.

### **Godkjent kvalitetsarbeid ved Høgskulen i Volda etter oppretting**

NOKUT gjennomførte tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Volda i 2020, og NOKUTs styre fatta vedtak 22. april 2021. I tilsynet vurderte NOKUT at kvalitetsarbeidet ved høgskulen hadde enkelte manglar, fordi høgskulen ikkje kunne vise til at dei hadde gjennomført periodiske evalueringar med representantar frå arbeids- og samfunnsliv i panela. NOKUTs styre har i dag fatta vedtak om at kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Volda er tilfredsstillande.

– Vi er glade for å sjå at høgskulen har retta opp mangelen, og kan vise til vidareutvikla prosessar og resultat frå evalueringane, avsluttar Vinje.

Les tilsynsrapportene:

- [Ansgar høgskule \(pdf\)](#)
- [Fjellhaug Internasjonale Høgskole \(pdf\)](#)
- [Lovisenberg diakonale høgskule \(pdf\)](#)
- [Høgskulen i Volda \(pdf\)](#)

---

<b>Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen</b> Telefon: (+47) 21 02 18 00 Hjemmeside: <a href="http://www.nokut.no">www.nokut.no</a>	<b>Postadresse</b> Postboks 578 1327 Lysaker	<b>Besøksadresse</b> Drammensveien 288	<b>Kommunikasjonsdirektør</b> Gard Sandaker-Nielsen <a href="mailto:gsn@nokut.no">gsn@nokut.no</a> Tlf: (+47) 951 57 471
---	--	--	---